

Til:

Ingrid Marie Særheim

Dykkar ref.

Vår ref.
20/25239Arkivkode
035 A20Dato
22.09.2020**REFERAT FRÅ MØTE TORSDAG 17.09.20**

Dato: 17.09.2020

Desse møtte: 7. trinn, Selma Olava Birkeli

7. trinn, Samuel Halsne

6. trinn, Vilde Haugstad

6. trinn, Martin Versland Bjorland

5. trinn, Max Bjørheim

5. trinn, Julia Fuglestad

4. trinn, Mina Reiestad

4. trinn, Leo Vigre

ATO: Sebastian Rosseland

Saker: 06/ 20/ 21: Bruk av 5000 kr frå Barn og unges kommunestyre.

Det vart eigentleg bestemt at pengane skulle brukast til å male opp ein sykkelbane i skulagarden. Det vart ikkje gjort då alt stoppa opp pga. korona. Det bør gjerast når det er tørt og varmt. Sukkelbanen kan heller ikkje brukast i friminutta, då vi ikkje får sykle då. Derfor tenker vi at det kanskje er betre å bruke pengane på noko anna, og dei bør brukast før nyttår. Det har vore ynskje om basketkorger på vegg. Kva tenker trinna om det? Det kom og forslag om fleire ballar, tau og kritt. Vi tar denne saken att til trinna, og de førebuer dykk til neste gong.

05/ 20/ 21: Saker frå trinna:

-Har vi lov å bruke sparkesykkel ute i friminutta?

-Elevar i 1.- 4. trinn parkerer sykklar på graset og er i vegen for lek. Det kan vere lurt at vaksne på trinnet viser kor sykklar og sparkesyklar skal stå.

-Kan vi få fiksa nett på måla i bingen?

-Antibacen vi har luktar ekkelt. Kan vi få ein type som luktar betre?

-Kantina: kan vi få frokostblanding i kantina når den opnar igjen, feks. ein dag i veka? Det er og ynskje om få varm mat ein dag til.

-Såpe: er det mogleg å få ein såpedispensar til ved den lange vasken i basen? Ina sjekker.

-Panneband: kan vi ha panneband på inne? Tynne hårbånd kan ein ha, det er hårpunt.

Tjukke panneband som er uteklede har ein ikkje på inne, då blir ein varm og ukonsentrert.

Om ein er i tvil, spør ein læraren på trinnet.

-Ynskje om fleire skiljeveggar i dusjen. Skulen er ferdig bygd, og det er ikkje aktuelt.

-Ynskje om rist over vannrenna ved sykkelparkeringa: dette er ein del av design og utforming av skulegarden, renna skal vere open. Syklar kan lett løftast over.

-Ynskje om fleire leiker i uteområdet til 4. og 5., her er det mykje mindre å finne på i friminutta enn i dei andre sonene. Ina drøftar dette med rektor. Men skulegarden er ferdig, det blir ikkje kjøpt nye stativ etc., då det er veldig dyrt.

Ina E. B. Vigre
Kontaktlærer for elevrådet

Med helsing
Hå kommune

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur